

Sogn Jord- og Hagebruksskule  
Skulevegen 24  
5745 AURLAND

## Oppdragsbrev til Kompetansenettverket for lokalmat i Vest-Norge frå Vestland fylkeskommune 2021

Kompetansenettverket for lokalmat i Vest-Norge dekker Vestland fylke. Sogn Jord- og Hagebruksskule driftar Kompetansenettverket for lokalmat i Vest-Norge.

Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga.

Kompetansenettverksordninga for lokalmat er finansierast over Landbrukets utviklingsfond og er ein del av jordbruksoppgjæret. Nasjonalt er det sett av 14 mill. kroner for 2021 til kompetansenettverka. Fylkeskommunane skal koordinere tilbodet frå kompetansenettverka med andre tenester frå kompetansetilbydarar nasjonalt og regionalt, og sikre et godt samspel mellom partnerskapa i utforming av tilbod.

### Oppdraget

Oppdraget er forankra i vedtak frå Hovudutval for næring si handsaming av Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 den 12. januar 2021 (PS5/20). *Administrasjonen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr avsett til Kompetansenettverk i Vest-Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2021.*

Kompetansenettverket i Vest-Norge skal bidra til å nå målet i handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 om å auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng.

Lokalmatprodusentar i heile fylket, både etablerte og nystarta, bør ha tilgang til det dei treng av kunnskap, kompetanse og nettverk. Deltakarar som har mål om næringsverksemd skal prioriterast som deltakar på dei ulike kursa. Det er viktig å gje tilgang til gode kurstilbod i heile regionen.

### Godkjente kostnader

Godkjente kostnader er basert på handlingsplan for 2021 for Kompetansenettverket i Vest-Norge som vart lagt fram for styringsgruppa 10.februar 2021. Handlingsplan for Kompetansenettverket i Vest-Norge 2021 er lagt ved dette brevet. Handlingsplanen legg opp til ca. 30 enkeltbesøk hos omtrent 30 bedrifter. Det er planlagt 11 kurstiltak med over 400 undervisningstimar og opp mot 200 deltakarar. Administrasjon av Kompetansenettverket i Vest-Norge vert organisert ved at det er tilsett dagleg leiar i 50% stilling. Økonomi og rekneskap vert ført av ressursenteret ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Dagleg leiar har ansvar for å sette i gang og følge opp kurs og administrere besøksordninga.

<b>Budsjett for kompetansenettverk i Vest-Norge 2021</b>	
<b>Tiltak</b>	<b>Kostnad</b>
Administrasjon	464 000
Besøksordning	800 000
Kurs	1 005 000
Andre tiltak	131 000
<b>Totalt</b>	<b>2 400 000</b>

#### Utbetaling og rapportering

Det er sett av 2 400 000 kroner til Sogn Jord- og Hagebruksskule for å gjennomføre handlingsplan for Kompetansenettverket i Vest-Norge 2021. Sogn Jord- og Hagebruksskule kan be om å få utbetalt 75% når de mottek dette brevet og 25% når rapport og rekneskap for 2021 er levert. For å be om utbetaling sender de internfaktura gjennom Visma, bruk eOrdre. Legg ved dette brevet som fakturagrunnlag. Bruk tilsettnummer 23739 i feltet kontaktinformasjon.

#### Rapportering og rekneskap

Det skal rapporterst skriftleg til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Innovasjon og næringsutvikling innan 31.01.2022. Rapporten skal gjere greie for aktivitetane i kompetansenettverket og nasjonalt samarbeid med dei andre kompetansenettverka. Rapporten skal også innehalde informasjon om kurstitlar og kostnad for kvart kurs, tal på besøk i besøksordninga og administrasjonskostnadar. Rekneskap for 2021 som er godkjent av autorisert rekneskapsfører skal ligge ved den skriftlege rapporten.

Vi ynskjer dykk lykke til med arbeidet.

Med helsing

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*